



[314]

## RIKSARKIVET

Forsvarets overkommando  
Administrasjonsavdelinga  
Oslo mil.  
OSLO 1

Deres ref.  
Notat 15.11.85  
kpt. Åsheim

Vår ref.  
Jnr. 4571/85  
A. 004.148 HPH/OJ

Dato  
20.12.1985

## KASSASJON I FO SITT BORTSETJINGSARKIV I FORSVARSBYGGET

Vi takker for det tilsende oversynet "Oppgave over gradert arkiv fra før 1970 bortsatt i Forsvarsbygget", datert 15.11.1985.

Det går fram av oversynet at tidlegare kassasjonar har vore omfattande, noko som også er påpekt i punkt 2 i følgjeskrivet.

I arkivet til Forsvarsstaben (FST) fram til 1967 må saneringa karakteriserast som drastisk, når ein ser at for dei tolv åra 1955-67 berre er igjen 1,5 hylrometer av sakarkivet, medan dei tre påfølgjande årgangane (1967-70), som så vidt vi forstår er intakte, utgjer 28 hylrometer.

Ved å jamføre arkiva til dei ulike forsvarsgreinene, får vi også inntrykk av at kassasjonane i Hæren (HOK) og Luftforsvaret (LOK) har gått temmeleg langt:

Gjenståande av HOK sakarkiv (nasjonalt arkiv + økonomiseksjonen) 1945-70: 9 hylrometer.

Gjenståande av LOK sakarkiv (nasjonalt arkiv) 1955-70: 8 hylrometer.

I Sjøforsvaret (SOK) har det ikkje vore føreteke tilsvarande kassasjonar. Her utgjer til samanlikning det nasjonale sakarkivet 1945-70 75 hylrometer (15 hm 1945-55, 60 hm 1955-70) + Kystartilleriets 15 hylrometer.

Vi finn det rimeleg å gå ut frå at HOK- og LOK-arkiva opphavleg har vore av nokolunde same storleik som SOK-arkivet, eller for HOKs vedkomande venteleg større. Det inneber i så fall at inngrepa har redusert arkiva med 85-90% eller meir.

For dei andre arkiva (Heimevernet, hærens våpeninspektørar m.m.) finn vi ikkje indikasjonar i oversynet på kor mykje som tidlegare er kassert. Vi ber om at det om mogleg blir framskaffa overslag over dette.

I følgje oversynet er det store lakuner i dei eldste delane av enkelte seriar. Det gjeld:

- FST, nasjonalt sakarkiv 1945-55 (noko frå åra 1945-47 kan gjenfinnast i arkivet til Forsvarets krigshistoriske avdeling, avlevert til Riksarkivet)
- HOK A-pakt-arkiv: journalar 1961-70, sakarkivet 1949-70
- LOK, nasjonalt sakarkiv 1945-55
- LOK, kopibøker 1945-55
- LOK, A-pakt sakarkiv 1949-51
- Sambandsinspektørens sakarkiv 1945-52
- Ingeniørinspektørens sakarkiv 1945-54
- Kavaleriinspektørens sakarkiv 1945-47
- Artilleriinspektørens sakarkiv 1936-43

Vi ber om at det blir gjort greie for kvar desse arkiva har teke vegen.

På bakgrunn av det ovanståande finn Riksarkivaren det ikke forsvarleg at det blir gått vidare med kassasjonar i følgjande arkiv:

- FST fram til 1967 (nasj.arkiv. Moglege unntak kan vere eventuelle rutinesaker i personalarkivet og blant "Rek bøker og kvitteringer", etter nærmare vurdering av Riksarkivaren)
- HOK 1945-70 (nasj. arkiv og ø-seksjon)
- LOK 1945-70 (nasj. arkiv)

FST 1967-70 kan gjennomgåast for å fjerne a) arkivuverdig materiale som skulle ha vore arkivavgrensa i følgje Instruks om arkivbegrensning og kassasjon i statsforvaltningens arkiver (kgl. res. 4.11.1961) og b) saker som er vurdert kassable i Felles kassasjonsregler for statsforvaltningen (gjeldende fra 1.7.1969), sjå Rundskriv nr. 7 1969 C frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Ut over dette skal FST 1967-70 bevarast komplett.

For Sjøforsvaret (SOK nasjonalt arkiv og Kystartilleriet) bør det utarbeidast eit kassasjonsforslag til godkjenning av Riksarkivaren. Det må synast stor varsemd når ein skal vurdere kassasjonar her, da det er tenkjeleg at det i SOK-arkivet finst ein del av korrespondansen som er kassert i dei andre forsvarsgrinene og i Forsvarsstabben.

For einskilde andre arkiv i oversynet vil Riksarkivaren rå ifrå at det blir utarbeidd kassasjonsforslag, dels fordi dei er av ubetydeleg omfang, dels fordi det utan vidare kan slåast fast at dei har stor bevaringsverdi. Det gjeld:

- Tysklandskommandoen/brigaden (1,5 hm)
- Generalstabsøvelser (3,0 " )
- Englandsarkiv (1,0 " )

Når det gjeld dei gjenståande arkiva i oversynet,

- samtlege A-pakt arkiv
- Artillerikorpset
- dødsarkiv
- våpeninspektørane,

vil Riksarkivaren uttale følgjande: Der det er grunn til å tru at tidlegare kassasjonar har vore tilnærma like omfattende som i HOK og LOK, vil vidare kassasjonar berre unntaksvise kunne gjennomførast. Dersom arkiva derimot er tilnærma intakte, eller berre har vore utsette for forsiktig kassasjon, bør det utarbeidast kassasjonsforslag for kvart enkelt arkiv til godkjenning av Riksarkivaren.


Dei kassasjonsreglane som nå er under utarbeiding i FO på grunnlag av den felles arkivnøkkelen for Forsvaret, må innrettast på fellesarkivet frå 1970, både med tanke på kassasjonar i arkivet frå 1970 til dags dato, og ikkje minst som retningsgivande for kontinuerlege kassasjonar i det framtidige arkivet.


Det ville kanskje vere på sin plass å nytte høvet til å utarbeide reglar som kan gjerast gjeldande for arkivskaparar på alle nivå i Forsvaret. I så fall er det påkrevd å koordinere arbeidet med Forsvarsdepartementet.

Ved utarbeiding av kassasjonsforslag, både når det gjeld fellesarkivet og eventuelle arkiv før 1970, bør det i alle høve konfererast med FD  
a) for å unngå unødvendig permanent dobbelarkivering, og  
b) for så langt råd er å bøte på lakuner hos den eine institusjonen ved bevaringspåbod hos den andre.

Riksarkivaren vil elles understreke at det ville vere ein føremon om mest mogleg av dei eldre arkiva blir gjennomgått med tanke på mogleg avgradering, m.a. av omsyn til framtidige avleveringar til Riksarkivet.

Med vennleg helsing

  
Arne Strøm (e.f.)  
arkivinspektør

  
Hans P. Hosar

Gjenpartar:

Forsvarsdepartementet  
Forsvarshistorisk forskningssenter